


Deling av eigedom/tomt

Det kom ny matrikkellov gjeldande frå 01.01.2010 og ny plan- og bygningslov gjeldande frå 01.07.2010. Opplysningane på denne sida er nå oppdatert i høve dette regelverket.

Vil du dele frå ei tomt, - eit tilleggsareal, [justere grenser](#), eller etablere feste for meir enn 10 år, må du søke kommunen om løyve. Handsaming av delingssøknad er 2-delt:

- Søknad til byggesak der ein vurderer arealplanforhold, kor eigna tomte er, veg/vatn. m.v.
- Halde oppmålingsforretning der det nye bruket får eige gards- og bruksnummer, lage målebrev, samt sette grensemerke i terrenget. Den nye eigedomen vert registrert i grunnboka, i eigedomsregisteret (GAB) og i eigedomskartet.



KVEN KAN SØKE OM DELING?

- Hovudregelen er at heimelshavar (som er oppført i matrikkel som eigar) kan søke. Gjeld det festetomt, må både heimelshavar og festar signere.
- Ved frådeling av sameige, må alle heimelshavarar signere.
- Søker man på vegne av heimelshavar, må det ligge føre fullmakt frå heimelshavar om dette. Fullmakta må verte lagt ved søknaden.
- Advokatar kan signere søknad utan fullmakt.
- Ved dødsbu må skifteattest følgje søknaden - og - underskrifta må være i samsvar med skifteattesten. Dødsattest kan hentast hos lensmann.
- Når et firma er heimelshavar, må søknaden signerast av den eller dei som har fullmakt i følgje firmaattesten. Firmaattesten (ikkje eldre enn 1/2 år) må leggjast ved søknaden.

SØKNAD

Deling av tomt/eigedom og overføring frå ein eigedom til ein annan, er søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1. [Rettleiing finn du her](#). Dette skal sendast inn til kommunen:

- Skjema for rekvisisjon av kartforretning / søknad om deling av grunneigedom. Skjemaet kan også hentast hos kommunen.
 - Skjema påførast gnr/bnr og adresse for den eigedomen som skal delast.
 - Det kryssast av i alle rubrikkar som opplyser om kva søknaden gjeld.
 - Vert det søkt om dispensasjon, er det eigen avkryssing for dette.
 - Arealoppgåve på framsida må fyllast når det gjeld landbrukseigedomar.
 - Søknaden skal verte signert av alle heimelshavarane.[Søknadsskjema/rekvisisjon med partliste for oppmålingsforretning](#)
- abovarsel. Les meir om nabovarsel ved å klikke på "[Nabovarsel](#)". Skjema finn du her: [Kvittering/gjenpart - Nabovarsel](#).
- Situasjonskart (der aktuelle grenser er teikna inn). Naboliste og situasjonskart kan tingast gjennom [Infoland](#). Les meir om "[Situasjonskart](#)" her.
- Vedlegg - Eventuelle nabomerknader.
- Vedlegg - Eventuell søknad om dispensasjon. NB. Nabovarsel må merkast m.o.t. dispensasjon.

Samsvar med Arealplan og andre lovverk.

Deling må vera i samsvar med kommune- og/eller reguleringsplan og avklara i høve til uavklara restriksjonar sett i andre lover som jordlov, veglov, kulturminnelov m.v.

Deling i område som i kommuneplan er sett av til LNF-område (landbruks-, natur og friluftsfomål), kan krevje at det vert søkt om [dispensasjon](#). Ta kontakt med din kommune om forholdet.

SAKSGANG

Når søknaden er registrert i kommunen, foretar kommunen ein enkel gjennomgang av saka.

Er det manglar i saka, orienterer vi om det.

Treng søknaden behandling/uttale frå andre offentlege instansar, sørgjer kommunen for innhenting av desse. Gjeldande arealplanar i området legg viktige premissar for om eigedomen kan verte delt eller ikkje.

Vedtak

Vedtaket vert sendt til søkaren med kopi til eventuelle partar som har hatt merknader til søknaden.

Klage

Vedtak som vert gjort i delesaker, kan verte påklaga av rørte partar (søkja og naboar). Det er tre veker klagefrist etter at vedtaket er gjort kjend. [Les meir om klage her...](#)

KVA SKJER ETTER AT DELINGSLØYVE ER GJEVE?

Oppmåling

Når delingsløyve vert gjeve, vert eigedomen målt og dei nye grensene sett ut.

Heimelshavar og eigarane til tilgrensa eigedomar får skriftleg varsel minst ei veke før kart- og delingsforretninga finn sted.

Erklæringar

Naudsynte erklæringar for veg, vatn - og avløpsleidningar må ligge føre før delinga vert gjennomført.

Kart- og delingsforretning

Under kart- og delingsforretninga vert grensene påvist, godkjent og merka. Det vert ført ein [kartforretningsprotokoll](#) der det går fram kven som møtte, om det var semje/usemje i påviste grenser og eventuelt andre forhold som kom opp under kartforretninga.

Målebrev

Etter kart- og delingsforretninga, vert det utarbeid eit målebrev over den nye eigedomen, og der det er mogeleg - vert målebrev over opphavgedomen ajourført. Kommunen sørgjer for tinglysning av målebrev og nødvendige erklæringar. Så snart det nye målebrevet er tinglyst, vert saka avslutta med at målebrev vert sendt rekvierten eller den som har heimelen. Det ajourførte målebrevet vert ikkje normalt tinglyst.



Gebyr

Arbeidet med ein delesak er gebyrbelagt.

I tillegg kjem det [tinglysningsgebyr](#).